



Finansdepartementet

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
GRYWI	2017/1128	14578/2017	SA5	28.06.2017

## Høyringsuttale - Eigedomsskatt på produksjonsliner mv

Viser til Finansdepartementets brev med vedlagt høyringsnotat 25. april 2017 om framlegg til nye reglar om eigedomsskatt på produksjonsrelatert nett og kraftanlegg.

Departementet legg fram to framlegg: Framlegget om produksjonsrelaterte nettanlegg framstår som ein omkamp om saka som Gildeskål kommune og LVK vann i september 2015, der Høgsterett fastslo grensesnittet mellom nett og produksjon som har lege fast sidan 1965. Det andre framlegget gjev kraftverkseigar større høve til frådrag for utgifter ved fastsetjing av kraftverksformuen enn etter gjeldande rett. Begge framlegga inneber reduserte inntekter til kommunane.

### Hovudinnvingingar til departementets framlegg

#### Framlegget om produksjonsrelaterte nett

Definisjonen av kva som er del av kraftanlegg og kva som er nett går fram av skatteloven §18-5. Definisjonen tilsvarar Riksskattestyrets rundskriv frå 1965 og grensesnittet har lege fast i heile perioden og vart stadfest av Høgsterett i dom 24. september 2015, der Gildeskål og LVK vann fram. Dette innber at kommunane i dag kan skattleggje produksjonsrelaterte nettanlegg som egne skatteobjekt – i tillegg til kraftanlegget.

Departementet føreslår å endre definisjonen av omgrepet «kraftanlegg» i skatteloven §18-1 slik at «produksjonslinjer» vert rekna som ein del av kraftanlegget.

Framlegget til lovendring vil innebera ei reversering av Høgsteretts dom frå 2015. Domen er viktig for kommunane då han avklarar kommunanes høve til å skrive ut eigedomsskatt på slike nettanlegg. Vidare stadfester domen, etter LVK sitt syn, ein klar, enkel og praktisk regel.

Dersom finansdepartementets framlegg vert vedteke, vil det få ein dobbelt negativ konsekvens for kommunane:

- 1) Kommunane vil miste høvet til å skrive ut eigedomsskatt på nettanlegga som eigaren definerer som produksjonsrelaterte, og
- 2) Kommunanes eigedomsskatt frå kraftanlegga vil verta lågare (fordi utgiftene til dei produksjonsrelaterte netta vil redusere kraftverksformuen).

Framlegget vil såleis klart vera til ugunst for kommunane.

Etter kommunanes syn vil framlegget også innebera at ein får ein uklar regel om kva som skal sjåast som «produksjonslinjer». Omgrepet «produksjonslinjer» har ingen klar definisjon. Det vert i høyringsnotatet peika på ei rekkje tolkingsproblem som kan oppstå, og danne grunnlag for nye tvistar. Det er uheldig at departementet gjer framlegg om ein regel som departementet sjølv er uklare.

### **Framlegget om frådrag for driftsmidlar som er knytt til kraftproduksjon**

Departementet føreslår vidare å utvide kraftverkseigaranes høve til frådrag ved fastsetjing av eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg, jf. Skatteloven § 18-5, fjerde ledd. Slik det er nå, er frådraga avgrensa til særskilte driftsmidlar i kraftanlegg.

Framlegget går ut på at alle «driftsmidlar som er knytt til kraftproduksjonen» skal gje rett til frådrag for framtidige utskiftingskostnader. Samstundes vert det gjort framlegg om at kommunane ikkje skal ha rett til å skrive ut eigedomsskatt på dei same driftsmidlane separat. Kva som er «driftsmidlar som er knytt til kraftproduksjonen» er svært uklart. Om dette ikkje vert nærare avklart, vil det kunne føre til at det vert opp til kraftverkseigaren sjølv å fastsetje dette gjennom skattemeldingane.

Riksrevisjonens rapport 2. februar 2015 viser at SFS i svært liten grad fører kontroll med eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg. Kva høve kommunane vil ha til å påverke kva som skal sjåast «knytt til kraftproduksjonen», går ikkje fram av framlegget. Eit svært skjønsmessig omgrep kombinert med liten kontroll, er etter Vinje kommunes syn svært uheldig.

Etter Vinje kommune si oppfatning, er det eit tydeleg behov for ein gjennomgang av kva frådrag kraftprodusentane kan krevje etter skatteloven § 18-5 (4). Det er vidare behov for eit klarare og meir detaljert regelverk. Departementets framlegg inneber eit uklart regelverk og er dermed eit steg i feil retning.

### **Provenyverknadar**

Departementet reknar med at kommunanes eigedomsinntekter vil bli redusert med om lag 25 mill. kr per år. Vinje kommune er medlem av Landssamanslutninga for Vassdrafskommunar (LVK). Etter LVKs erfaring vil provenytapet truleg bli større, og LVK har bede om innsyn i grunnlaget for provenyberekningane. Finansdepartementet har gitt LVK avslag på innsyn og LVK vil etter det me kjenner til påklage avslaget.

Prinsipielt meiner Vinje kommune at det må vera openheit om finansdepartementet sine provenyberekningar om lovframlegg av ei skatteordning som har så stor betyding for kommunane. Mangelen på openheit gjev i seg sjølv grunn til å reise spørsmål om framlegget er tilstrekkeleg utgreidd.

Ut frå drøftinga over er Vinje kommune imot framlegget til endringar, me vil også slutte oss til den høyringsuttala LVK kjem med.

Med helsing

Gry Åsne Aksvik  
plan- og økonomisjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.